



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

# HØYRING AV FORSLAG TIL SKOGVERN



**BERGET NATURRESERVAT**

**AURE KOMMUNE**

Høyringsfrist 23.05.2022

2021/626

*Framsida: Hasselraklar (hannblomster)*

## Bakgrunn

Gjennom behandlinga av stortingsmeldinga Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald (Meld. St. 14 (2015-2016)) vedtok Stortinget ei opptrapping av skogvernet i Noreg til 10 % av skogarealet. I februar 2022 var om lag 5,2 % av skogarealet og ca. 3,9 % av den produktive skogen verna i Noreg. Det er eit nasjonalt miljømål at *«et representativt utval av naturtypane i skog blir verna for kommande generasjonar»*. Vern av skog er også viktig for å nå fleire av dei andre miljømåla, til dømes at *«utrydding av trua artar i skog skal opphøyra og status for artar i nedgang skal ha blitt forbetra innan 2020»* og at *«mangfald av naturtypar i skog skal bli tatt vare på eller gjenopprettast innanfor sitt naturlege utbreiingsområde, og slik at alle stadeigne artar finns i levedyktige bestandar»*.

I stortingsmeldinga vert auka skogvern framheva til å ha stor positiv effekt på trua artar i skog, og Regjeringa vil vidareføre det langsiktige arbeidet med skogvern. Dette skal skje ved vern av offentleg eigd skog og ved frivillig vern av privateigd skog. Friviljug vern inneber at skogeigarane tilbyr staten vern av eigen skog.

Dersom ein har naturfagleg kunnskap om det aktuelt tilbodsområde frå før, kan slike data bli lagt til grunn for ein eventuell verneplanprosess. Dersom området ikkje er kartlagt tidlegare, vil miljøvernstyresmaktene også vurdere tilbudet og sette eventuelt i gang med naturfaglege registreringar for å kartlegge verneverdiar. I Møre og Romsdal er ein vesentleg del av den verneverdige skogen kartlagt tidlegare og aktuelle data er tilgjengelege i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no).

Om det på bakgrunn av ei slik registrering vil vere aktuelt å fremme eit verneforslag for det aktuelle arealet, skal det gjennomførast forhandlingar med grunneigar om avgrensing, verneforskrift og økonomisk erstatning. Når staten og grunneigar er kome til semje om desse punkta, vil området gjennomgå ei vanleg saksbehandling i tråd med naturmangfaldlova.

## Tilbodet

Statsforvaltaren fekk tilbod om friviljug skogvern på gnr 100 bnr 2 og 3 i Aure kommune. Området er ca. 931 dekar, og ligg på sørsida av Stabblandet. Tilbodet vart framsett i brev frå ALLSKOG SA den 15.02.2021.

Det naturfaglege grunnlaget for eit vern er basert på ei kartlegging av edellauvskog i Møre og Romsdal gjort av Miljøfaglig Utredning ved Geir Gaarder i 2010.

ALLSKOG har taksert skogen i tilbodsområdet, og det blir forhandla fram ein erstatningsavtale med grunneigarane. Området vil ikkje bli tilrådd verna før avtalen om erstatning er signert, men ALLSKOG har på vegne av grunneigarane akseptert at planprosessen vert sett i gang. Statsforvaltaren meldte oppstart av verneplanprosess for området i brev av 16.12.2021.

## Heimelsgrunnlag

Vern av spesielle område eller førekomstar skjer i medhald av lov av 16. juni 2009 om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfaldlova) jf. §§ 33-51. I naturmangfaldlova er det gjeve heimel for vedtak av ulike vernekategoriar. Vernekategorien naturreservat, som er det strengaste vernet etter naturmangfaldlova, blir foreslått brukt for skogsområda i dette verneplanframlegget.

Naturmangfaldlova § 37 i har slik ordlyd:

«Som naturreservat kan vernes områder som

- a) inneholder truet, sjelden eller sårbar natur,
- b) representerer en bestemt type natur,
- c) på annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold,
- d) utgjør en spesiell geologisk forekomst, eller
- e) har særskilt naturvitenskapelig verdi.

Som naturreservat kan også vernes et område som er egnet til ved fri utvikling eller aktive gjenopprettingstiltak å få verneverdier som nevnt i første ledd.

I et naturreservat må ingen foreta noe som forringer verneverdiene angitt i verneformålet. Et naturreservat kan totalfredes mot all virksomhet, tiltak og ferdsel. I forskriften kan det gis bestemmelser om vern av kulturminner i reservatet.

Treffes vedtak om reservat som krever aktive gjenopprettingstiltak, eller vedtak om reservat der bruk er en forutsetning for å ivareta verneformålet, skal det samtidig med vernevedtaket legges frem et utkast til plan for skjøtsel for å sikre verneformålet. Planen kan omfatte avtale om bruk av arealer, enkeltelementer og driftsformer. Planen eller avtalen kan inneholde bestemmelser om økonomisk godtgjørelse til private som bidrar til områdetets skjøtsel.»

## Naturfaglege registreringar

Området ligg i den boreonemorale sona, vendt sørover.

Tilbudsområdet omfattar vestre delar av ein lokalitet Storslett vest BN00076589 med rik edellauvskog av kategori A (svært viktig) som vert omtala slik:

«Lokaliteten ligg vest for Storslett mot Bergeneset på sørsida av Ertvågsøya. Det er snakk om ei brattlendt, sørvendt li der den rike skogen i stor grad ligg på rasmark under bergrota, dels meir stabil mark i austre del. Det er litt uklare grenser mot fattigare skog i vest, medan det er ganske skarp grense mot granplantefelt i aust. Det er gneis i berggrunnen, som stort sett gjev grunnlag for ganske kalkfattig flora.

Lokaliteten har ein del kraftige, rike hasselkratt med ganske tørr og rik lågurtprega vegetasjon, men det er også av arronderingsmessige omsyn inkludert litt fattigare lauvskog, berghamre og open rasmark. Nokre parti har meir frisk, høgstaudeprega vegetasjon. Hassel er nok vanlegaste treslag i busk- og tresjiktet, men særleg i austre del er det også noko av boreale treslag som furu, osp og bjørk. I tillegg sparsamt innslag av alm (NT). Feltsjiktet er jamnt over ikkje særleg artsrikt, men det er lokalt ein del myske, sanikel og til dels mykje lundgrønaks, samt litt kjempesvingel og skogfaks i austre del. Der vart det i tillegg gjort eit funn av vaniljerot, som er sjeldsynt i fylket og særleg knytt til rike hasselkratt. Arten vart også funne i denne lia for nokre år sidan av Finn Oldervik (pers. meld.). Det er eit godt potensial for kravfulle marklevande sopp i dei rike hasselkratta, også av raudlisteartar. Lungeneversamfunnet er ikkje særleg godt utvikla, men kystnever og lungenever vart funne på hassel, samt vanleg blåfiltlav på berg.»

I tillegg er der 2 lokalitetar med edellauvskog kategori b (viktig), Bergeneset nord BN00076591 og Bergeneset aust BN00076590.

Bergeneset aust «har ein del rikt hasselkratt med lågurtprega vegetasjon, men det er også av arronderingsmessige omsyn inkludert noko fattigare lauvskog, berghamre og open rasmark. Små parti har meir frisk, høgstaudeprega vegetasjon. Hassel er nok vanlegaste treslag i busk- og tresjiktet. I tillegg sparsamt innslag av alm (NT), samt boreale treslag som bjørk, gråor, furu og osp. I busksjiktet korsved. Feltsjiktet er jamnt over ikkje særleg artsrikt, men artar som kransmynte, myske og lundgrønaks finst. I vestle del vart det også ein stad funne småborre, ein sjeldsynt art ut mot kysten i fylket. Lungenever-samfunnet er ganske dårleg utvikla, med litt vanleg blåfiltlav og vrenger.»

Bergeneset nord «ligg oppe i den sørvendte lia ovanfor Bergeneset på sørøstre hjørne av Ertvågøya. Lia er bratt og prega av ein del rasmark, dels open og dels skogkledt. Lokaliteten er dels skarpt avgrensa mot granplantefelt i sørlege halvdel, dels meir gradvis mot fattigare skog på andre kantar. Det er gneis i berggrunnen, som stort sett gjev grunnlag for ganske kalkfattig flora. Lokaliteteten har småvaksen skog med ein del rike hasselkratt med lågurtprega feltsjikt. Det er også innslag av mindre opne, urterike engsamfunn her, i fyrste rekkje i sørvestre del (typisk stadvis dominert av smalkjempe).

I tre- og busksjiktet er nok hassel vanlegast, men det er også ein del boreale treslag som bjørk og selje her. Feltsjiktet i skogen er noko mangelfullt undersøkt, men i det minste finst ein del lundgrønaks og noko myske. I dei engprega partia (dels også oppe i skogen) i sørvest veks naturengplantar som smalkjempe, gulaks, tiriltunge, tepperot, lækjeveronika og jonsokkoll. Her vart det også funne eit par beitemarksopp, inkludert skarlagenvokssopp, og det er potensial for fleire slike.»

Kunnskapsgrunnlaget viser at tilbodsområdet har kvalitetar for vern som naturreservat. Her er rik edellauvskog. Mangelanalysar av skogvernet gjort av Norsk institutt for naturforskning i 2016 viser at slike skogar er underrepresentert i verneområda. Her er såleis både sjeldne og trua naturtypar, samt raudlisteartar.

Berget kan inngå i ei rekke med verneområde frå Stablandet inn til Vinjeøra. Desse reservata kan fungere som eit økologisk nettverk for artar som kan spreie seg over denne distansen.

Det er planta gran/sitkagran i vestlege delar av forslaget. Dette er uheldig med tanke på spreining og gjengroing med framande treslag. Uttransport av vryket verkar svært vanskeleg, så ein evt. skjøtselshogst vil medføre nedlegging av tømmer.

## **Brukarinteresser**

Slike lågareliggande skogar har tradisjonelt vorte utnytta til ved- og tømmerhogst og beite.

Fakta ut frå skograpport Kilden:

Totalareal: ca. 928 daa.

Det er utført skogbruksplanlegging med miljøregistreringer i området.

Svært viktige naturtyper i skog: 12 daa - Rik edellauvskog

Produktivt skogareal (AR5): Ca. 115 daa

Skog, særskilt høg bonitet	Skog, høg bonitet	Skog, middels bonitet	Uproduktiv skog	Skrinn og jorddekt fastmark
	12	103	397	416

Skogressurskart (SR 16) – volum (daa):

0-100 m <sup>3</sup> /ha	100-200 m <sup>3</sup> /ha	200-300 m <sup>3</sup> /ha	300-400 m <sup>3</sup> /ha	> 400 m <sup>3</sup> /ha
356	385	16	10	

Lite tilgjengeleg område utan vegdekning. Naturskog med furu og lauv som står dels svært bratt. Arealet har liten verdi for skogbruket.

Vi er ikkje kjent med kulturminne i området. Området er sett av til LNF-område i kommuneplanen sin arealdel.

## Saksbehandling

### Oppstartsmelding

Statsforvaltaren sendte ut melding om oppstart av verneplanprosessen for utviding av Krokvatnet naturreservat til fleire aktuelle interessepartar i brev av 16.12.2021. Frist for innspel til planarbeidet var sett til 28.01.2022.

Det har kome 8 innspel til oppstartsmeldinga. Direktoratet for mineralforvaltning, Norges vassdrags- og energidirektorat og Statnett har ingen spesielle merknader.

Statens Kartverk, Språkrådet og grunneigaren foreslår Berget som nytt namn på området.

Møre og Romsdal fylkeskommune har ikkje merknader, men peikar på at planarbeidet må synleggjere kulturverninteresser og føresegnene bør sikre desse.

Forsvarsbygg ber om at det vert gjort unntak for militær operativ verksemd og unntak for avgang og landing med Forsvaret sine luftfartøy.

Statsforvaltaren meiner at standardforskriftene fange opp dei interessene som er framheva.

### Vidare saksgang

I samsvar med naturmangfaldlova og saksbehandlingsreglane i denne, sender Statsforvaltaren med dette verneframlegg på høyring.

Skogen er taksert av ALLSKOG i samarbeid med Staten sin skogsakskunnige. Det blir gjennomført forhandlingar med grunneigarane om erstatning, avgrensing og framlegg til forskrift.

Etter denne lokale og sentrale høyringa, vil Statsforvaltaren, på bakgrunn av høyringsdokument og innkomne fråsegner, skrive ei tilråding til Miljødirektoratet. Direktoratet fremmer så saka for Klima- og miljødepartementet som deretter vil førebu ho og legge fram eit forslag om vernevedtak for Kongen i Statsråd. Etter vernevedtaket ved kgl. res. vil erstatningar bli utbetalte i samsvar med avtalen. Statsforvaltaren får så i oppdrag å gjere vedtaket kjent og sørge for at reservatet blir merka og skilta. Merking og oppmåling blir gjort av jordskifteretten etter krav frå Statsforvaltaren.

Framlegget til naturreservat går fram av vedlagt vernekart.

Ut frå normal saksbehandlingstid kan eit vernevedtak tidlegast skje i desember 2022.

Vedlegg 1.

## **Forskrift om vern av Berget naturreservat, Aure kommune, Møre og Romsdal**

Fastsett ved kongeleg resolusjon .....med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34 jf. § 37 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

### **§ 1 Føremål**

Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit verdfullt skogsområde som inneheld trua og sjeldan natur. Området representerer ein naturtype med store verdiar knytt til furuskog og rik edellauvskog. Skogen er velutvikla og har fleire kravfulle artar.

Det er ei målsetting å behalde verneverdiane i mest mogleg urørt tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

### **§ 2 Geografisk avgrensing**

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr.: Aure kommune: 100/2 og 3.

Naturreservatet dekker eit totalareal på 931 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet ..... Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart blir oppbevart i Aure kommune, hos Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

### **§ 3 Vernereglar**

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar

- a. vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerna planter og sopp inkludert lav eller delar av desse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode
- b. dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Utsetting av dyr er forbode
- c. det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endra naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde, andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker el. l., framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre konsentrerte tilførsler av forureining, etterlating av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømmande.
- d. bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode
- e. bålbrekking er forbode

### **§ 4 Generelle unntak frå vernereglane**

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for

- a. sanking av bær og matsopp
- b. jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk
- c. felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk
- d. vedlikehald og bruk av eksisterande jakttårn
- e. beiting

- f. utsetting av saltsteinar
- g. oppsetting av midlertidige, mobile jaktårn for storviltjakt
- h. fjerning av mindre mengder kvist i samband med utøving av storviltjakt
- i. bålrensing med tørrkvist frå bakken eller medteken ved i samsvar med gjeldande lovverk
- j. montering og bruk av landfeste for båt

### **§ 5 Regulering av ferdsel**

- a. All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne. I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel
- b. motorisert ferdsel er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy
- c. utanom eksisterande stiar er sykling, riding og bruk av hest forbode

### **§ 6 Generelle unntak frå ferdselsreglane**

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltingsoppgåver som er bestemt av forvaltingsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingskøyring.

Ferdselsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for

- a. naudsynt motorferdsel for uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som nyttast skal vera skånsamt mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet før køyring skjer
- b. naudsynt uttransport av felt elg og hjort med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget
- c. landing og start med Forsvarets luftfartøy

### **§ 7 Spesifiserte dispensasjonsreglar**

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til

- a. istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne
- b. tiltak i samband med forvaltning av vilt og fisk
- c. naudsynt uttransport av felt elg og hjort med andre køyretøy enn lett beltekøyretøy som nemnt i § 6 andre ledd bokstav b
- d. ringbarking, hogst og uttak av gran, platanlønn og andre framande treslag
- e. merking og rydding av nye stiar
- f. avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar nemnt i § 3 andre ledd bokstav d
- g. oppsetting og vedlikehald av gjerde
- h. gjenoppføring av bygningar og anlegg som går tapt ved brann eller naturskade
- i. bruk av naturreservatet til miljøtilpassa reiselivsverksemd i samsvar med plan godkjent av forvaltningsstyresmakta
- j. øvingskøyring for formål nemnt i § 6 første ledd
- k. naudsynt motorferdsel for aktivitetar etter § 4 bokstav f, j og § 7 bokstav b, d, g og h

### **§ 8 Generelle dispensasjonsreglar**

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot føremålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfoldloven § 48.



### **§ 9 Skjøtsel**

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta bestemmer, kan setja i verk tiltak for å oppretthalda eller oppnå den natur- og kulturtilstanden som er føremålet med vernet, jf. naturmangfoldloven § 48.

### **§ 10 Forvaltningsplan**

Det kan utarbeidast forvaltningsplan med nærare retningsliner for forvaltning av naturreservatet. Forvaltningsplanen kan innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

### **§ 11 Forvaltingsstyresmakt**

Miljødirektoratet fastset kven som skal ha forvaltingsstyresmakta etter denne forskrifta.

### **§ 12 Ikraftsetjing**

Denne forskrifta trer i kraft straks.